Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 35

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ølbrygging

Oppskr. av: Jolan Vetka,

(adresse): Bråtveit

Fylke: Rogaland

Herad: Suldal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): fortalt av Ola P. Sukka, Kvaldal, f. 1880.

SVAR

a) 1-2 Det er heelt slutt med ølbrygging i Suldal nå. Til ikring 1900 var det skikken di brygga på kvar garden. Og att til 1920-åra var det ein og annan som brygga.

Nå er det berre hundraåringane som minnast den gamle ølbrygginga. Fornlegslandene ser ein litt av kvar konn. Og gamle bryggjereidd finn ein og på sume gardar.

3 Det var avhaldet ål D.U.T. som gjorde det av med ølbrygginga i stor mon. Kristeleg påverknad gjorde og sitt.

5 Skrujsål og Tomtein er så å seie ukjendt i Suldal.

B.

7 Det var kvinne som stod for ølbrygginga. Hus-

7490

bruden sjølv. Eller følgjemannen. Det var sjeldan ein sette kvenskgulane til med slikt.

8)

Sveinung Følgjanes var ein vidgjeten ølbryggar. Det var ingen som fekk den smaken på ølet som han.

9)

Ein brygga kvar åt seg, kvar huslyd.

10).

Aller vanast var det med brygging til jul og til slåtten og byllaup. Elles det var kje så radt sjeldan ein brygga til sålabad og, og til barsøl.

11)

Det gjekk mykje på utlønne til jul og slåtten. Men til eit skåla byllaup o.d. var det vanleg med 2 tønner. Ein greidde seg med noko mindre til sålabad og barsøl.

C).

13) Malt hadde ein sjølv. Suldal var ei god kornbygd frå gammalt. Og det var einast i naudår ein kjøpte korn.

14).

Ein brygga jamnt av bygg. Eller reinkorden,

7490

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som ein kalla bygget her.

15).

Det var jamt. det beste kornet ein skulle ha åt maat. Ein var nøye på det.

16).

Kornet vart lagt i bløt i bekken. I ein sekk.

17. Tre dagar.

Ein har ei regle her:

3 dar i bekkjen,
3 dar i sekkjen.
3 dar i gjøringjo,
3 dar i maltingjo.

18).

Maltsekken hadde ein ofta ståande attmed omnen. Eller ved grua.

Så var maltet ferdig til å ela seg. Og ein breidde det utover i ein kasse på stovelemmen. Eller på stovegolvet i røla stovene Eller i bad) stovo, i kassane som var neglde fast åt langveggene der.

Ein rørde i det av og til

24) Groren kalla ein ålai.

29) Ja.

31) Ein berre kløyvde de (sa Ola P. Sukka).

7490
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

33 Nei.

34. Fimle-avla ein fjölv. Fimlelinge var det på kvar garden.

36). Fimlen hukka ein litt på stovlemen. Eller på andre höveleg staden. Ein hadde elles ikkje mykje bry med fimlen.

37). Ukjendt i Sirdalo

40). Når maltet var malt og ferdigt til bygging, slo ein maltet opp i eit stort kjer. Og slo brakalog i saman med maltet

45). Maisk og dei
46) rörde ein i med ei röra.




Maisken skulle vere så blaut at det drupe av det når ein tok maisken opp med röra.

49) Breidde eit åkle ofte over kjeret

Maisken auste ein så opp i eit anna kjël og måtte stå der 2-3 döger

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7490

52. Vøiter.

53. Renne sakter

55). Ein løyyde i ein brekopp og hadde det oppi [den] grytan, me dei kokte det i — saman med humlen.

56 se side 7

58).

"De va' etter som ein tok av dei". (Ola P. Sukke)

59). Drav. Og det gav ein kyrne. Ein rekna det som eit slags kraftfor".

61). Såvidt at ein tolde bondo oppi".

63). Kaub

64. Den løyste ein oppi vøiter.

65).

Ein la åkle over kjerek og batt eit tog kring det. Så åkledet skulle slå inn at kjerek

67). Det skoi vara som ei skorpa oppå". (Ola P. Sukke)

68. Ein tok heist av løype-gjæra (skorpo).

69)

Kauka-gøymde ein i hadanverkar. Det var det gamle. Seinare muldra ein ho rund, turka, og hadde ho oppi i gjæsakа.

70). Nei

7490

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

71)

Dei laut ofte hjelpe ein-annan med kauk.

73). Ein skokagjøle.

79). Ja, ein måtte ein å smaka på julaøle.

80). Det måtte alltid vere eit lite tomrom i kaggen. Den skulle aldri fyllast heilt.

82).

Beste råda var å ha det på krukker og flasker.

83). Det skulle vere mykje-brunt. Slikt hadde jamt Sveinung Følgjanes-det.

Det vart alltid noko stenhane når ein hadde sukker i det. Brunt sukker var best.

90). Det måtte vera stilt i stova. Det måtte få gjukka i "fred" (gammel tale-måte)

92) Ein fin krossar på bryggehjel frå 1700-tallet.

99-103 Nyjord hjemme eine hjå at i Suldal.

7490

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Distriktslækjar Østvold (1890–1910), bad folk halde på stikken med ølbrygging. "De va styrkjande," sa han. "Og ølosten var medisin tyå han når det galdt lungebetennelse."

Ølost — ein slo øl oppi: kokande mjølk, søt-mjølk.

x

Når dei flota tømmer på Suedalsvatnet, hadde dei jamt ein ølkagg på tømmerfloten. Det var like så visst som ogna-kako og skjørbolkun.

7490

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING